



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 14.04.2010
Møtetid: 15:00 - 19.20
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Alle medlemmane møtte

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann og leiar av teknisk eining Ordførar møtte frå møtestart til og med sak /10

Merknader:

Representantar for Lerøy Vest orienterte om bakgrunnen for at dei har søkt om forsøk med produksjon i lukka anlegg og korleis eit slikt anlegg fungerer. Jmf. Sak 17/10

Orienteringar/meldingar:	I tillegg til utsendte meldingar vart det informert om fylgjande:
---------------------------------	---

- Utbetring Liavegen
- Utbetring av tunell på Gjerde er starta opp
- Fartsreducerande tiltak på Ytre Tysse vert gjort i september
- Arbeid knytt til høgdebasseng er starta opp
- Avtale med konsulentfirmaet Norconsult er inngått. Strandsoneplan vil verta prioritert.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 22.04.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
008/10	10/210	Faste saker	
009/10	10/136	Områdeplan for Bjørkheimsområdet	
010/10	09/659	Byggjesak forretningsbygg Bjørkheim gnr 18, bnr 209.	
011/10	09/228	Godkjenning av energi - og klimaplan for Samnanger kommune	
012/10	10/51	Byggjesak naust gnr 24, bnr 289	
013/10	10/55	Byggesak - naust GNR3, bnr 61	
014/10	10/113	Flytebyggja gnr 17, bnr 25	
015/10	09/432	Flytebyggje gnr 25, bnr 148.	
016/10	10/126	Byggjesak tilbygg hytte gnr 34 bnr 21	
017/10	10/128	Dispensasjon frå Kommuneplanen for oppdrettslokalitet ved Sagen	
018/10	10/5	Byggesak, generasjonsbustad gnr 24 bnr 9	
019/10	10/115	Bygging av kvilebu gnr 8, bnr 1	
020/10	10/109	Riving av gammalt naust og oppattbygging av nytt	
021/10	10/154	Delingssak og rekvisisjon av kartforretning gnr 43, bnr 150	
022/10	10/193	Tilskotsmidlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket-smil - ny tiltaksstrategi for tildeling 2010 - 2012	
023/10	09/537	Interkommunalt samarbeid på brann og feiing	

SAKNR. 008/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet bestemte å handsama sak 17/10 som andre sak i møtet.

Utvalet sitt kvarter:

Sture Tveit kommenterte at det i vinter har vore ein del utkjøringar på Tveitaflatane som nok skuldast at bilistar ikkje har sett kvar kanten på vegen var. Det vart bedt om at det vert sett opp brøytestikkar neste år for å markera kanten. Han viste og til parkeringsplassen som er øyremerkja rørslehemma ved kommunehuset har vore dårleg brøyytt, noko som må endrast på for framtida.

Administrasjonen tek med seg informasjonen. Når det gjeld parkeringssituasjonen ved kommunehuset, er det fleire grunnar til å sjå nærare på den.

Gunnar Bruvik etterspurde informasjon om kvifor bosset vert sendt til Sverige og ikkje vert teke hand om m.a. av BIR.

Ordføraren, som og sit i styret i BIR viste til den pågåande diskusjonen m.a. i media og at det vert arbeid for å få til rammevilkår som gjer det økonomisk å handtera bosset i Noreg. Det vart og vist til at anlegga i Sverige er eldre og derfor har ein betre økonomi, og at det kan vera delvis forklaring.

Sigmund Dyrhovden etterlyste informasjon om BKK sin søknad om konsesjon.

Einingsleiar teknisk har vore i kontakt med BKK v. prosjektansvarleg Kirkholm. Han informerte om at søknaden var forseinka, men at det vert fremja ein søknad på Aldal før sommarferien.

Olaug Øystese etterlyste kva rutinar me har for snørydding og om det vert føreteke evaluering av arbeidet sist sesong.

Det vart informert om korleis teknisk arbeider.

NAT-008/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med endring om at sak 17/10 vart handsama som andre sak i møte.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 009/10
OMRÅDEPLAN FOR BJØRKHEIMSOMRÅDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Under føresetnad av at kommunestyret løyver midlar til planlegging vert arbeidet med å få utarbeidd ein områdeplan for arealet mellom bussgarasjen i Haukaneset og avkjøringa til Nordbygda skule starta opp.

I samsvar med § 13.1 i plan- og bygningslova vil det verta lagt ned mellombels forbod mot oppretting og endring av eigedom eller tiltak etter § 1-6 og andre tiltak som vanskeleggjer planarbeidet i påvente av at planspørsmålet er endeleg avgjort..

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Administrasjonen delte i møte ut eit kart som viste framlegg til avgrensing av planområdet. Kartet er dagsett 14.4.2010. Rådmannen sette fram fylgjande endring til framlegget sitt:
....*Nordbygda skule i samsvar med kart dagsett 14.4.2010*

Sture Tveit sette fram slikt framlegg til vedtak:

Under føresetnad av at kommunestyret løyver midlar til planlegging vert arbeidet med å få utarbeidd ein områdeplan for arealet mellom bussgarasjen i Haukaneset og avkjøringa til Nordbygda skule og i samsvar med kart merkja ST 14.04.2010 starta opp.

Dette framlegget vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak første avsnitt. 2 røysta for framlegget frå Sture Tveit og 5 mot. Rådmannen sitt framlegg første avsnitt vart vedteke.

Det vart røysta over andre del av framlegget frå rådmannen. Utvalet gjekk samrøystes mot denne del av framlegget.

NAT-009/10 VEDTAK:

Under føresetnad av at kommunestyret løyver midlar til planlegging vert arbeidet med å få utarbeidd ein områdeplan for arealet mellom bussgarasjen i Haukaneset og avkjøringa til Nordbygda skule i samsvar med kart dagsett 14.4.2010 starta opp.

SAKNR. 010/10
BYGGJESAK FORRETNINGSBYGG BJØRKHEIM GNR 18, BNR 209.

Rådmannen legg fram saka til møte 14. april 2010 utan tilråding.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak til møte 03.02.2010:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Bjørkheim til å byggja nærare den kommunale vegen i området enn byggjegrensa seier.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rammeløyve for forretning/utleigebygg på Gnr.18, Bnr.209 på Bjørkheim.

Løyve er gjeve i samsvar med søknad av 04.12.09.

Det vert gjeve ansvarsrett til Sivilarkitekt Helge Christiansen AS for prosjektering og kontroll av prosjektering arkitektfag, som fylgjer kvittert i retur.

Evt. krav frå arbeidstilsyn og utforming, materialvalg av bygget må oppfyllast når endeleg byggjesøknad føreligg.

03.02.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sette fram slikt tillegg til tilrådinga:

I den pågåande handsaminga av fleirbrukshall i kommunen er spørsmålet om å laga ein områdeplan som omfattar m.a. Bjørkheim oppe til drøfting. Kommunestyret skal i møte 18. februar 2010 ta stilling i denne saka. I lys av dette og med visning til § 13.1 i planlova vert rammeløyve for forretningsbygg/utleigebygg på gnr 18 bnr 209 på Bjørkheim gitt under føresetnad av at det **ikkje** vert sett i gang arbeid med ormdådeplan.

Helga Nygård sette fram framlegg om at saka vert utsett til etter møte i kommunestyret då ein ventar ei avklaring på om det vert starta arbeid med ein områdeplan som også vil omfatta det regulerte området på Bjørkheim.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

NAT-003/10 VEDTAK:

Saka vert utsett.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Sture Tveit sette fram slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Bjørkheim til å byggja nærare den kommunale vegen i området enn byggjegrensa seier.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rammeløyve for forretning/utleigebygg på Gnr.18, Bnr.209 på Bjørkheim.

Løyve er gjeve i samsvar med søknad av 04.12.09.

Det vert gjeve ansvarsrett til Sivilarkitekt Helge Christiansen AS for prosjektering og kontroll av prosjektering arkitektfag, som fylgjer kvittert i retur.

Evt. krav frå arbeidstilsyn og utforming, materialvalg av bygget må oppfyllast når endeleg byggjesøknad føreligg.

Utvalet gjekk samrøystes inn for framlegget frå Sture Tveit.

NAT-010/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan for Bjørkheim til å byggja nærare den kommunale vegen i området enn byggjegrensa seier.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rammeløyve for forretning/utleigebygg på Gnr.18, Bnr.209 på Bjørkheim.

Løyve er gjeve i samsvar med søknad av 04.12.09.

Det vert gjeve ansvarsrett til Sivilarkitekt Helge Christiansen AS for prosjektering og kontroll av prosjektering arkitektfag, som fylgjer kvittert i retur.

Evt. krav frå arbeidstilsyn og utforming, materialvalg av bygget må oppfyllest når endeleg byggjesøknad føreligg

SAKNR. 011/10

GODKJENNING AV ENERGI - OG KLIMAPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk samrøystes inn for at planutkastet dagsett mars 2010 vedteken.

NAT-011/10 VEDTAK:

Energi- og klimaplan for Samnanger kommune dagsett mars 2010 vert godkjend.

SAKNR. 012/10

BYGGJESAK NAUST GNR 24, BNR 289

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §93 og §95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på Gnr.24, Bnr. 289 på Gjerde i Samnanger.

Løyvet er gjeve under føresetnad at storleiken vert redusert til 9,0 x 5,0m. Før arbeidet vert sett i gang, skal nye teikningar godkjennast av kommunen.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Naustet skal berre nyttast til tradisjonell bruk, og ikkje som fritidsbustad eller bustad. Det er ikkje lov å overnatta i naustet. Jfr. Føresegner til gjeldande kommuneplan.

Vedr. Opplysningar om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32. Klagefristen er 3 veker frå De mottek vedtaket.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-012/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §93 og §95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på Gnr.24, Bnr. 289 på Gjerde i Samnanger.

Løyvet er gjeve under føresetnad at storleiken vert redusert til 9,0 x 5,0m. Før arbeidet vert sett i gang, skal nye teikningar godkjennast av kommunen.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Naustet skal berre nyttast til tradisjonell bruk, og ikkje som fritidsbustad eller bustad. Det er ikkje lov å overnatta i naustet. Jfr. Føresegner til gjeldande kommuneplan.

Vedr. Opplysningar om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32.

Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

SAKNR. 013/10**BYGGESAK - NAUST GNR3, BNR 61****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til bygging i forbodssona på 25 m frå sjølina og det vert gjeve dispensasjon frå forskriftene til kommuneplanen til å byggja naustet breiare enn 5,0 m.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på Gnr.3 Bnr.61 på Sagen i Samnanger kommune.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 20.01.10.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. Opplysningar om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§27 og 29-32. Klagefristen er 3 veker frå De mottek vedtaket.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-013/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til bygging i forbodssona på 25 m frå sjølina og det vert gjeve dispensasjon frå forskriftene til kommuneplanen til å byggja naustet breiare enn 5,0 m.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på Gnr.3 Bnr.61 på Sagen i Samnanger kommune.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 20.01.10.

Tiltakshavar er sjølv, eventuelt med leigd hjelp, ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. Opplysningar om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§27 og 29-32. Klagefristen er 3 veker frå De mottek vedtaket.

SAKNR. 014/10
FLYTEBRYGGJA GNR 17, BNR 25

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 84 vert det gjeve løyve til å leggja ut flytebryggje på Gnr.17 Bnr.25 i Samnanger kommune.

Med heimel i plan og bygningslova § 84 vert det gjeve løyve til å etablera ei sandstrand på Gnr.17 Bnr.25, stranda skal vera open for ålmenta.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 20.02.10.

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det vist til forvaltningslova §§ 27 og 29 – 32.

Klagefristen er 3 veker frå De mottek vedtaket.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak men med fylgjande endring i andre setning. Framlegget vart sett fram av Sture Tveit.

Med heimel i plan- og bygningslova § 84 vert det gjeve løyve til å etablera ei sandstrand på gnr 17, bnr 25 under føresetnad av at allemannsretten vert oppretthalden.

NAT-014/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 84 vert det gjeve løyve til å leggja ut flytebryggje på Gnr.17 Bnr.25 i Samnanger kommune.

Med heimel i plan- og bygningslova § 84 vert det gjeve løyve til å etablera ei sandstrand på gnr 17, bnr 25 under føresetnad av at allemannsretten vert oppretthalden.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 20.02.10.

Vedr. klagerett på vedtaket, vert det vist til forvaltningslova §§ 27 og 29 – 32.

Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

SAKNR. 015/10
FLYTEBRYGGJE GNR 25, BNR 148.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedtaket i den delegerte saka vert oppretthalde.

Saka vert sendt Fylkesmannen for endeleg vedtak.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Etter drøftingar i utvalet vedtok dei samrøystes å oppretthalda administrasjonen sitt vedtak.

NAT-015/10 VEDTAK:

Klagen frå Svein Morten Tveit vert ikkje imøtekomen. Saka vert oversendt fylkesmannen til avgjerd.

SAKNR. 016/10

BYGGJESAK TILBYGG HYTTE GNR 34 BNR 21

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon frå forbodet om bygging i LNF område og bygging i 100 meters beltet frå sjø og vassdrag til tilbygg på hytte på Gnr.34 Bnr.21 i Eikedal.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rammeløyve for tilbygg til hytte på Gnr.34 bnr.21 i Eikedal. Løyvet er gjeve med fylgjande krav til avløp:

Alt.1:

Dersom det vert lagt vatn inn i hytta og montert biologisk toalett skal gråvatn frå kjøkken og bad førast via slamavskiljar til infiltrasjonsgrøft.

Alt.2:

Dersom det vert lagt inn vatn og vassklosett i hytta skal avløpet førast via. minirensanlegg av godkjent type, til terreng.

Vedr klagerett på vedtaket vert det vist til forvaltningslova §§ 27 og 9-32. Klagefristen er 3 veker frå De mottek vedtaket.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet endra alt. 1 og 2 til å lyda *Ved innlegging av vatn*

NAT-016/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon frå forbodet om bygging i LNF område og bygging i 100 meters beltet frå sjø og vassdrag til tilbygg på hytte på Gnr.34 Bnr.21 i Eikedal.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rammeløyve for tilbygg til hytte på Gnr.34 bnr.21 i Eikedal. Løyvet er gjeve med fylgjande krav til avløp:

Alt.1:

Ved innlegging av vatn i hytta og montert biologisk toalett skal gråvatn frå kjøkken og bad førast via slamavskiljar til infiltrasjonsgrøft.

Alt.2:

Ved innlegging av vatn og vassklosett i hytta skal avløpet førast via. minirensanlegg av godkjent type, til terreng.

Vedr klagerett på vedtaket vert det vist til forvaltningslova §§ 27 og 9-32. Klagefristen er 3 veker frå De mottek vedtaket.

SAKNR. 017/10

DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN FOR OPPDRETTSLOKALITET VED SAGEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til etablering av ein oppdrettslokalitet på Sagen i Samnanger kommune, anlegget er eit pilotprosjekt med eit heilt nytt type anlegg.

Dispensasjonen vert gjeve med ei tidsramme på 3 år.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-017/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til etablering av ein oppdrettslokalitet på Sagen i Samnanger kommune, anlegget er eit pilotprosjekt med eit heilt nytt type anlegg.

Dispensasjonen vert gjeve med ei tidsramme på 3 år.

SAKNR. 018/10

BYGGESAK, GENERASJONSBUSTAD GNR 24 BNR 9

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i Plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon til bygging i 100 meters beltet frå sjø og vassdrag på Gnr.24 Bnr.9 i Aldal i Samnanger kommune.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve rammeløyve for riving av gamal bustad og bygging av ny generasjonsbustad på Gnr. 24 Bnr.9 i Aldal i Samnanger kommune.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 05.01.10.

Avløp skal førast via 7,5 m³, 3 kamra slamavskiljar til djup sjø.

Før ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan gjevast, må det føreliggja godkjenning frå Statens vegvesen på utbetring av avkjørsla til FV 136.

Rambøll Norge AS, Bergen får ansvarsrett som ansvarleg søker.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det vist til forvaltningslova §§ 27 og 29-32. Klagefristen er 3 veker frå De mottek vedtaket.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg men med ei endring der det skal stillast krav om at eigedomen skal kopløst til offentleg vassforsyning.

NAT-018/10 VEDTAK:

Med heimel i Plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon til bygging i 100 meters beltet frå sjø og vassdrag på Gnr.24 Bnr.9 i Aldal i Samnanger kommune.

Med heimel i plan og bygningslova §§ 93 og 95 vert det gjeve rammeløyve for riving av gamal bustad og bygging av ny generasjonsbustad på Gnr. 24 Bnr.9 i Aldal i Samnanger kommune.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 05.01.10. men med krav om at bygningen skal kopløst til kommunal vassforsyning.

Avløp skal førast via 7,5 m³, 3 kamra slamavskiljar til djup sjø.

Før ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan gjevast, må det føreliggja godkjenning frå Statens vegvesen på utbetring av avkjørsla til FV 136.

Rambøll Norge AS, Bergen får ansvarsrett som ansvarleg søker.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det vist til forvaltningslova §§ 27 og 29-32. Klagefristen er 3 veker frå de mottek vedtaket.

SAKNR. 019/10

BYGGING AV KVILEBU GNR 8, BNR 1

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå forbodet mot bygging i LNF område på Gnr.8 Bnr.1 i Hisdal.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for kvilebu på Gnr.8 Bnr.1 i Hisdal.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 17.02.10

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

NAT-019/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §19 vert det gjeve dispensasjon frå forbodet mot bygging i LNF område på Gnr.8 Bnr.1 i Hisdal.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve byggjeløyve for kvilebu på Gnr.8 Bnr.1 i Hisdal.

Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 17.02.10.

SAKNR. 020/10

RIVING AV GAMMALT NAUST OG OPPATTBYGGING AV NYTT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rivingsløyve for gammalt naust og byggjeløyve for nytt naust. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 11.02.10.

Løyvet er gjeve med atterhald om at vegvesenet godkjenner dispensasjonssøknad om å byggja nærare FV137 enn byggjegrensa frå vegen.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet var positiv til søknaden, men dei ba om at det vart stilt krav til søknaden m.a. ved at det vert kravd ansvarshavande for prosjektet. Rådmannen får fullmakt til å innvilga søknaden endeleg.

NAT-020/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen for bygging i LNF område.

Med heimel i plan og bygningslova §93 vert det gjeve rivingsløyve for gammalt naust og byggjeløyve for nytt naust. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 11.02.10.

Løyvet er gjeve med atterhald om at vegvesenet godkjenner dispensasjonssøknad om å byggja nærare FV137 enn byggjegrensa frå vegen.

Før endeleg vedtak vert gitt skal det utpeikast ein som er ansvarleg for bygget. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna denne.

SAKNR. 021/10

DELINGSSAK OG REKVISISJON AV KARTFORRETNING GNR 43, BNR 150

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslov §§ 63 og 93 h vert det gjeve delingsløyve for parsell av Gnr.43 Bnr. 150 på Ytre Tysse i Samnanger kommune.

Før kartforretning kan haldast skal grensene gåast opp mot naboeigedomen.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-021/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslov §§ 63 og 93 h vert det gjeve delingsløyve for parsell av Gnr.43 Bnr. 150 på Ytre Tysse i Samnanger kommune.

Før kartforretning kan haldast skal grensene gåast opp mot naboeigedomen.

SAKNR. 022/10**TILSKOTSMIDLAR TIL SPESEILLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET-SMIL - NY TILTAKSSTRATEGI FOR TILDELING 2010 - 2012****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner tiltaksstrategi for midlane til Spesielle miljøtiltak (SMIL) i Fusa, Os og Samnanger 2010-2012 slik han ligg føre.

Vedtaket er heimla i *Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1*.

14.04.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-022/10 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner tiltaksstrategi for midlane til Spesielle miljøtiltak (SMIL) i Fusa, Os og Samnanger 2010-2012 slik han ligg føre.

Vedtaket er heimla i *Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1*.

SAKNR. 023/10**INTERKOMMUNALT SAMARBEID PÅ BRANN OG FEIING****14.04.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet:

Utvalet sluttar seg til konklusjonen i rapporten og ynskjer å starta opp eit samarbeid med Fusa kommune om brann og feiing.

NAT-023/10 VEDTAK:

Samnanger kommune er positiv til at det vert inngått avtale mellom Fusa og Samnanger kommune om samarbeid på brann og feiing etter modell om felles leing frå 01.01.2011 med den arbeidsfordelinga mellom kommunane som er tilrådd av prosjektgruppa. Jmf. rapport side 11.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som har som føremål å utarbeida eit framlegg til avtale som regulerer samarbeidet. Arbeidsgruppa består av ein representant frå kvar av kommunane samt ein tillitsvald. Einingsleiar for teknisk i Samnanger vert leiar av gruppa. I tillegg til å utarbeida ein avtale skal arbeidsgruppa legge fram ein detaljert modell for organisering og samordning samt eit framlegg til budsjett. Arbeidsgruppa legg fram framlegg til avtale innan 1.10.2010.

